

## Notat

**Frå:** Fylkesrådmannen

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Sentralbord: 57 65 61 00

Sakshandsamar Audun Erik Sunde  
Tlf.dir.: 57 74 93 11  
E.post: audun.erik.sunde@sf-f.kommune.no

**Til:** Vestlandsrådet

**Vår ref.** (nyttast ved korrespondanse)  
Ark.nr.: 05/00022/L.nr: 000137/05

**Dykkar ref.**

**Dato**  
LEIKANGER, 13.04.2005

### **Kontakt med Landsdelsutvalet for Nord-Norge og Nord-Trøndelag - Fiskeri**

Dei nasjonale reguleringane av fiskeria er eit resultat av kvoteforhandlingar med andre land, **tilrådingar frå Reguleringsrådet** og Fiskeridirektoratet, innspel frå organisasjonar, samt politiske føringar. Kvoter vert fastsette gjennom årlege reguleringsforskrifter for kvart enkelt fiskeslag.

Medlemene i Reguleringsrådet vert oppnemnde av Fiskeridepartementet, som har observatørstatus i rådet. Handsaming i Reguleringsrådet har i praksis erstatta ein ordinær høyringsprosess. Reguleringsrådet vert leia av Fiskeridirektøren og består elles av representantar for Noregs Fiskarlag (5 medlemmer), Fiskeri- og Havbruksnæringens landsforening (2 medlemmer), Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeidarforbund (1 medlem), Norsk Sjømannsforbund (1 medlem) og Sametinget (1 medlem).

Landsdelsutvalet for Nord-Norge og Nord-Trøndelag (LU) har over tid arbeidd med å få regionalt nivå presentert i Reguleringsrådet. Dette har gitt resultat då KS har tildelt leiar i LU Geir Knutson fast plass med stemmerett. **Han er oppnemnd av KS som representant for det regionale Noreg.**

LU utfordrar i brev datert 19. januar 2005 Vestlandsrådet om å kome med innspel og kommentarar i høve tankar om organisering av ei arbeidsgruppe der ein kan føre diskusjonar med tanke på felles regionale innspel.

Det prinsipielle standpunktet bør vel vere at Vestlandsrådet arbeider for å oppnå tilsvarande posisjon i forhold til reguleringsrådet som LU. I første omgang bør Vestlandsrådet takke ja til invitasjonen, og gå i drøftingar med LU om korleis samarbeidet kan utviklast.

**Tilrådinga** er ut frå dette at leiaren i Vestlandsrådet får fullmakt til å gå inn i nærare drøftingar med LU om utvikling av samarbeid for å fremje felles regionalpolitiske haldningar i Reguleringsrådet.

I løpet av prosessen må Vestlandsfylka fremje kandidat(ar) med kompetanse på fiskerifaglege spørsmål.

## Vedlegg